



MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage.

Kommunal representant: Elin Øien Solbakk

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/23 – 03/23

F 01/23	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 13.12.2022
Vedlegg	Møteboka frå 13.12.2022 Innkallinga til møtet 01.02.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 02/23	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Endring av møtedatoar: I vedtaket frå desember står det at soknerådsmøtet i mars (ved ein feil) skulle vera den 19. Dette er ein søndag. Soknerådsmøtet vert istadenfor torsdag den 9. mars kl. 17.15 (NB). Hovudsak vert uttale i samband med tilsetjing av ny prest. Vidare skal rekneskap og årsmelding opp til gjennomgang og godkjenning. Det vert årsmøte etter soknerådsmøtet, 9.mars. Soknerådsmøtet i mai vert endra til tirsdag 9. mai kl. 18.00. AU skal ha sine møter 21. februar og 25. april.• Ekstra kostnad Aider: Soknet har fått ei ekstrarekning frå Aider fordi vi har for mange bilag til å bli rekna som eit lite fellesråd.• Kontorsituasjonen: Soknerådsleiar og kyrkjevevja skal ha møte med kommunedirektøren om kontorsituasjonen. Soknerådet vert beden om å koma med innspel før møtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 03/23	GODKJENNING NÆRINGSVERKSEMD GRAVPLASSANE
	<p><u>Bakgrunn:</u> AUFERA, som er ei verna bedrift, ønsker å utvida portefølja og søker med dette om løyve til å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje. Det er først og fremst stell av graver som er den mest aktuelle aktiviteten dei ønsker å kunna tilby. Spørsmålet om godkjenning vart tatt opp i AU. AU ønskte ei drøfting i soknerådet. § 13 i gravplassvedtektene regulerer dette. Det er gravplassmyndigheita som skal avgjera slike søknader. Soknerådet tek ei drøfting på om dette er søknader som uansett skal opp i soknerådet eller om dette er søknader som kan delegerast.</p> <p>Kyrkjeverja tilrår at søknaden vert godkjent.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner søknad frå AUFERA om å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokn takkar for henvendinga, men pr. i dag er behovet dekket og AUFERA blir kontakta om situasjonen skulle endra seg.

F 04/23	EVENTUELT
	<p>Kommunal representant: Etterspør status for overføring frå kyrkja til sjukeheimen. Pr. i dag har dei kun lyd og ikkje bilde, grunna at kamera er øydelagd.</p>
	<p>Svar: Det er satt inn ressurs som arbeidar med å få på plass ei god løysing for overføring frå kyrkja til sjukeheimen.</p>

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/23 – S 03/23

S 01/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 13.12.2022
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 13.12.2022 Innkallinga til møtet 01.02.23
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 02/23	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Proessen rundt tilsetjing av ny sokneprest. AU på Fedje og Austrheim har hatt møte med prosten for å drøfta framdrifta med tilsetjing av ny prest. Soknerådsmøtet 9. mars skal avgje uttale, om ein då har ein fått aktuell søkjar/arar. Om ein lukkast i denne prosessen kan tilsetjing skje i april.• Nominasjonsprosessen til nytt sokneråd. Status for framdrifta.

S 03/23	KYRKJEOFRINGANE																						
	<p><u>Bakgrunn:</u> AU har drøfta saka og meiner det er på sin plass å drøfta fordelinga av kyrkjeofringane. I 2022 fordelte ofringane seg slik:</p> <table border="1"><tr><td>Kirkens Nødhjelp</td><td>2</td></tr><tr><td>Fjon Fjellkyrkje</td><td>2</td></tr><tr><td>TV-aksjonen</td><td>1</td></tr><tr><td>Bibelselskapet</td><td>2</td></tr><tr><td>Kirkens Bymisjon</td><td>1</td></tr><tr><td>NMS</td><td>1</td></tr><tr><td>Misjon uten grenser</td><td>1</td></tr><tr><td>Normisjon</td><td>1</td></tr><tr><td>Redd Barna</td><td>1</td></tr><tr><td>Sjømannskyrkja</td><td>1</td></tr><tr><td>Kyrkjelydsarbeidet</td><td>8</td></tr></table> <p>Då har vi 13 ofringar til eksterne formål og 8 til kyrkjelydsarbeidet.</p>	Kirkens Nødhjelp	2	Fjon Fjellkyrkje	2	TV-aksjonen	1	Bibelselskapet	2	Kirkens Bymisjon	1	NMS	1	Misjon uten grenser	1	Normisjon	1	Redd Barna	1	Sjømannskyrkja	1	Kyrkjelydsarbeidet	8
Kirkens Nødhjelp	2																						
Fjon Fjellkyrkje	2																						
TV-aksjonen	1																						
Bibelselskapet	2																						
Kirkens Bymisjon	1																						
NMS	1																						
Misjon uten grenser	1																						
Normisjon	1																						
Redd Barna	1																						
Sjømannskyrkja	1																						
Kyrkjelydsarbeidet	8																						



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Soknerådet vert med dette inviterte til å ta ei drøfting på om dette er ei passende fordeling eller om ein skal ha fleire ofringar til eige arbeid.</p> <p>Det er alltid langt fleire søknader om offer enn dei som får tildelt. Spørsmålet er om det er andre formål som bør prioriterast? Skal ein ha faste offertildelingar? Skal tildelingane delegerast? Saka vert lagt fram til drøfting.</p>																								
Vedtak:	<p>Soknerådet ønskjer at kyrkjeofringane går til organisasjonar/veldedige organisasjonar som definerer seg innafor kyrkja. Fordelinga for 2023 ser dermed slik ut:</p> <table border="1"><tr><td>Kirkens Nødhjelp</td><td>2</td></tr><tr><td>Fjon Fjellkyrkje</td><td>2</td></tr><tr><td>TV-aksjonen</td><td>1</td></tr><tr><td>Bibelselskapet</td><td>1</td></tr><tr><td>Kirkens Bymisjon</td><td>1</td></tr><tr><td>NMS</td><td>1</td></tr><tr><td>Misjon uten grenser</td><td>1</td></tr><tr><td>Normisjon</td><td>0</td></tr><tr><td>Redd Barna</td><td>1</td></tr><tr><td>Sjømannskyrkja</td><td>1</td></tr><tr><td>Star of Hope</td><td>1</td></tr><tr><td>Kyrkjelydsarbeidet</td><td>resterande</td></tr></table>	Kirkens Nødhjelp	2	Fjon Fjellkyrkje	2	TV-aksjonen	1	Bibelselskapet	1	Kirkens Bymisjon	1	NMS	1	Misjon uten grenser	1	Normisjon	0	Redd Barna	1	Sjømannskyrkja	1	Star of Hope	1	Kyrkjelydsarbeidet	resterande
Kirkens Nødhjelp	2																								
Fjon Fjellkyrkje	2																								
TV-aksjonen	1																								
Bibelselskapet	1																								
Kirkens Bymisjon	1																								
NMS	1																								
Misjon uten grenser	1																								
Normisjon	0																								
Redd Barna	1																								
Sjømannskyrkja	1																								
Star of Hope	1																								
Kyrkjelydsarbeidet	resterande																								

S 04/23	EVENTUELT
	<p>Spørsmål/innspeil frå nestleiar Tone Sævi:</p> <ul style="list-style-type: none">• Finnes det bibelgruppe i regi av kyrkja?• Lufte muligheit for å møtes og lese samanhengande bibeltekster